



Stad:

Bodø

Vår ref.(oppgi ved svar):

2008/5672

Dato:

9. mars 2020

Dokker ref.:

Karl Peter Johansen

NEXANS NORWAY AS AVD ROGNAN
Postboks 6450 Etterstad
0605 Oslo

Sakshandsamar::
Torunn Slettemark Hovden

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved NEXANS - Rognan - Kabelfabrikk

Kontrollnummer: 2020.040.I.FMNO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Karl Peter Johansen (delar av kontrollen)

Frå Fylkesmannen i Nordland:

Torunn Slettemark Hovden

Andre deltagarar frå verksemda:

Andrè Kristoffersen

Stian Toresen (delar av kontrollen)

Bård Kristensen (delar av kontrollen)

Andre deltagarar frå Fylkesmannen i Nordland:

Sten Bruaas

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Nexans Norway AS avd. Rognan den 03.03.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Nordland avdekkja 2 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen til verksemda har manglar
- Verksemda har ikkje eit dokumentert program for kontrollmåling av utslepp til vatn

Merknader:

- Risikovurderinga for ytre miljø er mangelfull
- Merkinga av farleg avfall er mangelfull

Avvik og merknader er nærmare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

9. mars 2020 dato	Torunn Slettemark Hovden kontrollør Fylkesmannen i Nordland	Oddlaug Ellen Knutsen seksjonsleiar
----------------------	---	--

Kopi av rapporten vert sendt til:

- Saltdal kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvareleg eining

Namn: NEXANS NORWAY AS AVD ROGNAN	
Organisasjonsnr.: 973129708	Eigd av: 981122607
Bransjenr. (NACE-kode): 27.320 - Produksjon av andre elektroniske og elektriske ledninger og kabler	

Kontrollert eining

Namn: NEXANS - Rognan - Kabelfabrikk	Anleggsnr.: 1840.0005.01
Kommune: Saltdal	Fylke: Nordland
Anleggsaktivitet: Annan aktivitet	
Løyve gitt: 20. mai 1999	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova vert følgt. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sine risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Utslepp til vatn og luft
- Handtering av avfall, inkludert farleg avfall
- Kjemikaliebruk og substitusjon av kjemikalie
- Internkontroll
- Støy
- Avfallsplan i hamn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til

tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Nexans Norway avd. Rognan er plikta til å rette opp avvika som er skildra i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må Nexans Norway avd. Rognan innan **17. april 2020** sende ei skriftleg utgreiing som syner korleis avvika er retta opp i.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing om korleis dokker vurderer merknadene og korleis dokker eventuelt følgjer opp saka.

Vi ber om at de stilar svarbrevet eller e-post (fmnopost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Nordland v/ Torunn Slettemark Hovden.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel og informasjon om gebyrplikt som vart sendt til dokker den 13.02.2020. Alle verksemder skal betale gebyr for kontrollar som er utførte av Fylkesmannen (jf. forureiningslova § 39-3). Gebyret skal dekke kostnadane med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsett i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Ut frå tida som er gått med til denne kontrollen, får Nexans Norway avd. Rognan eit gebyr på kr 20 000, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarar til gebrysats 3 for tilsyn med varigheit på inntil éin dag. Dokker vil få fakturaen tilsendt frå Miljødirektoratet for betaling til statskassa. Sjå kapittel 39 i forureiningsforskrifta for meir informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

Klagerett

Dokker har rett til å klage på vedtaket om gebyr, jf. § 28 i forvaltningslova. Ei eventuell klage må vere grunngjeven og skal stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Nordland. Vi vil då vurdere om vedtaket skal endrast, eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for eit endeleg vedtak. Ei eventuell klage gjer ikkje at vedtaket om gebyr vert utsett, så dokker må uansett betale fakturaen. Dersom Miljødirektoratet tek klag til følgje, vil delar av gebyret verte refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Nordland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen til verksemda har manglar

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, § 5, annet ledd punkt 7.

Kommentarar:

- Verksemda kunne ikkje vise fram dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall. Rutinane må ivareta krava om forsvarleg lagring, merking og levering av farleg avfall.
- Verksemda har ikkje dokumenterte rutine for prøvetaking og tømming av kjølevatnet. Rutinane må samsvare med krava til prøvetaking og tømming i utsleppsløyvet.

Avvik 2

Verksemda har ikkje eit dokumentert program for kontrollmåling av utslepp til vatn

Avvik frå:

Utslippstillatelse for Alcatel Kabel Norge AS av 20. mai 1999, punkt 9.2

Kommentarar:

Under punkt 9.2 i utsleppsløyvet til Nexans Norway avd. Rognan er det gjeve krav om at verksemda skal utarbeide eit program for kontrollmåling av utslepp til vatn og eventuelt luft, og målingane skal dokumentere at utsleppskrava vert etterlevd. I løyvet er det gjeve løyve til utslepp av visse konsentrasjonar av olje, koppar og flyktige klororganiske løysemiddel. I 2010 gjennomførte dokker ei analyse av kjølevatnet for å undersøkje om det var innhald av andre miljøgifter i kjølevatnet enn det dokker har utsleppsløyve til. Ei slik undersøking er ikkje gjennomført i seinare tid. Vatnet fungerer til avkjøling av ferdige kablar, og er i kontakt med kabel-ender og plastkappar. Verksemda har ikkje gjort nye undersøkingar dei siste 10 åra , og har ikkje undersøkt om plaststoff, tilsetningsstoff i plasten eller andre komponentar migrerer over frå kablane til kjølevatnet, som vert sleppt ut i Saltdalselva.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Risikovurderinga for ytre miljø er mangelfull

Kommentarar:

Verksemda har ei risikovurdering for ytre miljø som gjeld tenkte hendingar i ulike område på fabrikken og ute. Denne risikovurderinga er i liten grad innretta slik at hendingane identifiserer konsekvensar for ytre miljø, m.a. utslepp til luft, vatn og grunn.

Kravet i internkontrollforskrifta er at risikokartlegginga skal vere systematisk. Etter Fylkesmannen sitt syn er konsekvensvurderinga noko mangefull når det gjeld omsyn til ytre miljø. Vi har likevel merkt oss at dokker har etablert eit system som hindrar utslepp av sløkkjevatn i tilfelle brann i fabrikklokala. Verksemda har òg installert oppsamling og barrierar rundt dieseltanken.

Merknad 2

Merkinga av farleg avfall er mangefull

Kommentarar:

Dokker har innsamling av farleg avfall fleire ulike stadar på fabrikkområdet og ute. Dette er merka med «farlig avfall», «spraybokser» og liknande, men ikkje med EAL-koder. For å sikre at avfallet vert deklarert riktig og får den rette handteringa etter levering til avfallsselskapet, bør det farlege avfallet merkast med EAL-koder.

8. Andre tilhøve

Nexans Norway AS avd. Rognan er hamneansvarleg for Rognan industriksi. Avfallsplanen for hamna vart godkjent 13.07.2017. Ein slik plan må godkjennast på nytt kvart tredje år, og sendast inn til godkjenning minst tre månadar før godkjenninga går ut. Dokker må sende inn revidert avfallsplan til godkjenning innan 13.04.2020. Krava til innhald i ein avfallsplan for hamner er lista opp i Vedlegg 1 til kapittel 20 i forureiningsforskrifta.

Utsleppsløyvet til Nexans Norway avd. Rognan er frå 1999 og er utdatert på fleire punkt. Dersom dokker ønskjer eit nytt løyve, må dokker sende søknad til oss.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggende forskrifter
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Utslippstillatelse etter forurensningsloven frå SFT (1999)